



Austevoll kommune

Hordaland Fylkeskommune

Vår ref. 14/938-14/14238JpID/RMK	Arkivkode 14/938	Dykkar ref.	Dato 31.10.2014
--	----------------------------	--------------------	---------------------------

Ferjesambandet Husavik Sandvikvåg

Austevoll kommunestyre samla seg i går samrøystes om fylgjande uttale og oppmoding vedrørende ferjesambandet Husavik- Sandvikvåg:

Austevoll kommune vil peika på at sambandet her avsluttar siglingane for tidleg.

Etter vår meining må dette sambandet ha siste avgang frå Husavik kl. 2200 med retur frå Sandvikvåg kl. 2235. I dag har sambandet siste avgang 1930 (fredagar 2030) med retur 1955 (2100). Slik tidleg avslutting medfører ekstra utlegg for næringslivet i Austevoll. Når dei ikkje siste turen frå Sandvikvåg må dei reisa derfrå 2015 til Halhjem og køyra til Krokeide. Der må dei venta til avgang 2200 og ta ferja til Hufthamar der dei er 2235. Dette er ei reise på om lag 2 timar og 20 min. I tillegg så kjem utlegg til 2 ferjer.

Alternativet er å ta inn på Fitjar fjordhotell.

Me vil peika på det urimelege i at sambandet Langevåg - Buavåg har trafikk fram til 2200 frå Langevåg med retur frå Buavåg 2230. Dette trass i at det tek berre om lag 1 time i køyring rundt ved hjelp av trekantsambandet.

Austevoll kommune krev at sambandet Husavik - Sandvikvåg får tilført midlar som gjer at ei slik auke i frekvens vert tilført.

Med helsing

Renate Møgster Klepsvik
Ordførar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.